

Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 11. juni 2009

Til stades: Ida Berntsen, Jan Olav Fretland (ikkje informasjonssakene under S 7/09 og eventueltsak S 8.2/09), Tor Fuglevik, Ottar Grepstad, Marit Hovdenak, Silje Solheim Karlsen og Magni Øvrebotten

Forfall: Jan Hoel

Frå sekretariatet: Sylfest Lomheim (direktør), Eilov Runnestø (rådgjevar) og Karl Henrik Steinholt (administrasjonssjef)

Møtestad: Park hotell, Alta

Møteleiar: Berntsen

Referent: Runnestø

Møtetid: Kl. 9.00–13.15

Sakliste:

Vedtaksaker

- S 6.1/09 Førebels protokoll frå styremøtet 27. april 2009
- S 6.2/09 Rekneskap per 30. april 2009
- S 6.3/09 Verksemdsplanen 2009, status
- S 6.4/09 Den nye språkpolitikken. Oppfølging i Språkrådet
- S 6.5/09 Igangsetjing av prosessen med nynorsknormering
- S 6.6/09 Høyrings sak: Kommunikasjonspolitikken i staten
- S 6.7/09 Utpeiking av nestleiar i fagrådet for normering og språkobservasjon
- S 6.8/09 Rosings språkpris, ny jury medlem frå Språkrådet

Informasjonssaker

- S 7.1/09 Personalsaker
- S 7.2/09 Rundskriv om språkpolitikk frå departementet
- S 7.3/09 Normeringsregimet, status
- S 7.4/09 Språkbanken, status
- S 7.5/09 Frå fagråda
- S 7.6/09 Brev frå Riksrevisjonen
- S 7.7/09 Språkdagen 2009
- S 7.8/09 Rundebordskonferansen om språk- og pressepolitikk
- S 7.9/09 Mållovsarbeidet
- S 7.10/09 Annan informasjon
 - 1 LNUs sakprosanon for skulen
 - 2 Plakat for næringslivet
 - 3 Samarbeid GramArt og Språkrådet
 - 4 Arbeidet med språklov
 - 5 Prosjekt om haldningar til talespråket i NRK

Eventueltsaker

- S 8.1/09 Vegskilting på fleire språk
- S 8.2/09 Utsending av sakspapir til styremøta?

Styreleiaren ynskte velkomen til eit styremøte som denne gongen var lagt til Park hotell i Alta.

Dagen før hadde styreleiaren, styremedlem Solheim Karlsen og direktøren besøkt ein barnehage og ein grunnskule i Alta. Styret, direktøren og folk frå sekretariatet deltok dessutan

på ein rundebordskonferanse om språkpolitikk med inviterte aktørar frå lokalmiljøet innanfor norsk, samisk og kvensk språk, politikk, næringsliv, presse og høgare utdanning. Dei tok også opp situasjonen for samisk og kvensk språk.

På styremøtet tok leiaren opp som eventueltsak at i område der det er eit anna språk enn norsk, skal vegskilta vera tospråklege, og at avvik frå dette kan meldast til Statens vegvesen, Samferdselsdepartementet. Eitersom Irene Andreassen, stadnamnsekretær for kvenske namn, på Alta-møtet hadde gjort styret og sekretariatet merksam på at tospråklege vegskilt ikkje blir følgde nok opp i område med samisk og kvensk språk, bør styret senda brev om dette til den rette instansen.

Vidare tok Tor Fuglevik opp under Eventuelt om ikkje styret kan nøya seg med å få sakspapira tilsende berre i elektronisk form, og eventuelt skriva ut det dei er særleg interesserte i, sjølv.

Vedtaksaker

S 6.1/09 Protokoll frå styremøtet 27. april 2009

Sakspapir: Den førebelse protokollen frå aprilmøtet
Merknad til protokollen 28. mai frå Jan Hoel

Vedtaksak: *Styret godkjenner den framlagde protokollen i uendra form.*

S 6.2/09 Rekneskap per 30. april 2009

Sakspapir: Rekneskapsrapport per 30. april 2009
Notat 3. juni 2009

Til neste møte ynskjer styret at rekneskapstala for siste år blir tekne med.

Vedtaksak: *Styret tok rekneskapen til orientering.*

S 6.3/09 Verksemdsplanen 2009, status

Sakspapir: Avvik på verksemdsplanen per 1. juni 2009

Eit av avvika på verksemdsplanen galdt revisjon av godkjenningsreglane for skuleordlister. Ei sak som har dukka opp, er at forlaga lagar nye ordliste-produkt som dei ikkje sender Språkrådet til godkjenning. Det finst no **tospråklege ordbøker** (frå bokmål til nynorsk i ulike variantar) på marknaden. Språkrådet har ikkje reglar for å godkjenna slike, og Utdanningsdirektoratet tillet at dei blir brukte til eksamen utan godkjenning. Dette undergreiv godkjenningsregimet, fryktar styret, som vil ta opp saka på møtet i september.

Vedtaksak: *Styret godkjenner verksemdsplanen med dei avvika det er informert om.*

Til septembermøtet vil styret ha utarbeidd ei sak som vurderer om tospråklege ordbøker er godkjeningspliktige, og om korleis eit slikt regelverk / ei slik ordning skal kunna handhevast.

S 6.4/09 Den nye språkpolitikken. Oppfølginga i Språkrådet

Sakspapir: Notat 2. juni 2009 frå sekretariatet
Liste over dei 111 tiltaka i språkmeldinga som Stortinget slutta seg til
Budsjettsøknaden for 2010 til departementet (behandla i styret 19. februar 2009)
Strategidokumentet 2009–2011 (behandla i styret 19. februar 2009)

Vedtak: *Styret vedtek dei prioriteringane for arbeidet som er omtalte i saksdokumentet. I første rekkje må Språkrådet satsa på etablering av samarbeid og alliansar. Dette er hovudkriteriet for å få gjennomført tiltaka i meldinga, og her må fagråda koma med forslag. Neste prioritering er å setja av midlar til prosjektarbeid, og sekretariatet må styrkjast med stillingar.*

Ein må sjå satsingane i eit treårsperspektiv i samsvar med det rammeverket for strategitiltak som budsjettet gjev. Majoriteten av tiltaka ligg i budsjettsøknaden for 2010.

Prioriteringane skal i sin tur danna grunnlaget for budsjettet og verksemdsplanen i 2010 og satsingane i 2011 og 2012.

Som ei eiga sak på neste møte vil styret drøfta kva saksfelte teiknspråk og minoritetsspråk inneber for Språkrådet. Ein kan eventuelt få hit nokon frå det svenske Språkrådet, som har kompetanse på korleis det blir arbeidd med desse emnefelt.

Styret viser til dei tiltaka som gjeld samisk språk og kvensk språk, og som Stortinget slutta seg til i plenumsbehandlinga den 28. april 2009. Vedtaka gjev òg Språkrådet ei ny rolle å spela i samfunnet, bl.a. i høve til samisk og kvensk. Språkrådet vil følgja opp dette ved å vera samarbeidspartnar og støttespelar når det gjeld samisk og kvensk språkpolitikk. Nærliggjande saksområde kan vera handlingsplanen for samisk og standardiseringa av kvensk språk.

S 6.5/09 Igangsetjing av prosessen med nynorsknormering

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 29. mai 2009

Styret drøfta saka og prosessen. På møta 17. desember 2007 og 25. februar 2008 drøfta styret medlemmer og sekretær i rettskrivingsgruppa og hadde eit framlegg klart utan at det då vart gjort noko vedtak om gruppesamansetjinga. Når det kjem klarsignal frå departementet til at arbeidet kan byrja, kan eit forslag til mandat og organisering og samansetnad av arbeidsgruppa vera ferdig frå fagrådet.

Vedtak: *Saka kjem opp på neste møte. Fagrådet for normering og språkobservasjon gjer framlegg om mandat og prosess. Om nokon av medlemmene som hadde sagt ja til å sitja i rettskrivingsgruppa, ikkje lenger har høve til det, nemner styret opp nye representantar.*

S 6.6/09 Høyrings sak: Statleg kommunikasjonspolitikk

Sakspapir: Utkast til fråsegn frå sekretariatet 26. mai 2009 til høyringsutkastet 31. mars 2009 frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet: *Statens kommunikasjonspolitikk*

Vedtak: *Styret sluttar seg til utkastet til høyringsfråsegn frå sekretariatet.*

S 6.7/09 Utpeiking av nestleiar i fagrådet for normering og språkobservasjon

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 26. mai 2009

På fellesmøtet mellom fagråd 3 og styret 27. april og i kontakt elles har det kome fram at det er ein føremon i normeringssaker om fagrådet har både leiar og **nestleiar**. Dermed får begge målformene ein formell talsperson.

Vedtak: *Styret sluttar seg til framlegget om at Oddrun Grønvik blir nestleiar i fagråd 3.*

S 6.8/09 Rosings språkpris, ny jurymedlem frå Språkrådet

Sakspapir: E-post til sekretariatet frå Marita Kristiansen 5. juni 2009

Marita Kristiansen har ikkje høve til å representera Språkrådet i juryen for Rosings språkpris lenger.

Vedtak: *Styret gjev styreleiar og direktøren fullmakt til å nemna opp ein medlem frå Språkrådet til juryen for Rosings språkpris.*

Informasjonssaker

S 7.1/09 Personalsaker

Direktøren orienterte om at Jan Hoel og Marianne Aasgaard er tilsette i dei to utlyste terminologstillingane. I den ledige stillinga etter Jan Hoel i sekretariatet er Sylvi Dysvik engasjert for eit år.

Åremålsengasjementet for direktøren vart òg teke opp. Styret bad om at direktøren avklarar situasjonen sin med departementet og så melder attende til styret.

Styret tok elles sakene til orientering.

S 7.2/09 Rundskriv om språkpolitikk frå departementet

Sakspapir: Informasjon om språkpolitikk frå Kultur- og kyrkjedepartementet, rundskriv nr. V-10N/09, 30. april 2009

Gjennom behandlinga av St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining* har Stortinget 28. april 2009 slutta seg til rammene for ein heilskapleg, sektor-overgripande språkpolitikk. Språkpolitikk blir dermed noko som i prinsippet vedkjem alle fagdepartementa.

Styret tok saka til orientering.

S 7.3/09 Normeringsregimet, status

Det går fram av språkmeldinga at departementet i samråd med Språkrådet tek sikte på å få etablert eit nytt behandlings- og vedtakssystem for nødvendig normvedlikehald og nynormering. Det har enno ikkje kome signal om når dette kan bli realisert.

Styret tok saka til orientering.

S 7.4/09 Språkbanken, status

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 2. juni 2009

Det er inga endring når det gjeld etableringa av Språkbanken, saka ligg i departementet. Nasjonalbiblioteket blir involvert i drifta av banken, og plandokument og rammevilkår skal utarbeidast i samråd med Språkrådet.

Styret tok saka til orientering.

S 7.5/09 Frå fagråda

Sakspapir: *Frå fagråd (1) for samfunn og høgre utdanning:*
Referat frå møtet 27. april
Frå fagråd (2) for skole og offentleg forvaltning:
Innkalling til møte 5. juni
Frå fagråd (3) for normering og språkobservasjon:
Referat frå møtet 21. april
Frå fagråd (4) for terminologi og fagspråk:
Referat frå møtet 14. mai

Styret reagerte på at fagrådsmedlemmer som hadde sagt seg inhabile i samband med ein søknad, hadde vore med og vurdert andre søknader i den same saka. Dessutan peikte styret på at det er direktøren og ikkje fagrådet som avgjer kvar Språkdagen skal leggjast.

Styret bad om at sekretariatet til neste styremøte må utarbeida ei vedtakssak som tek opp kva for reglar og rutinar fagråda bør ha i arbeidet sitt.

Styret tok elles saka til orientering.

S 7.6/09 Brev frå Riksrevisjonen

Sakspapir: Avsluttande revisjonsbrev 15. mai 2009 frå Riksrevisjonen

Riksrevisjonen har ingen vesentlege merknader til rekneskapen og til korleis Språkrådet har gjennomført budsjettet.

Styret tok saka til orientering.

S 7.7/09 Språkdagen 2009

Fagrådssekretær Hovdenak orienterte om planane for Språkdagen 2009 11. november på Grand Hotel i Oslo.

Styret tok saka til orientering.

S 7.8/09 Rundebordskonferansen om språk og pressepolitikk (jf. S 5.1/09)

Rundebordskonferansen i oktober er tenkt å vera eit oppfølgingsarrangement til det som kom fram i den offentlege debatten i denne saka i vår, og i samsvar med det departementet har sagt om saka i samband med stortingsmeldinga om språk.

Styret tok saka til orientering.

S 7.9/09 Mållovsarbeidet

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 28. mai 2009
E-post til Utdanningsdirektoratet 12. mai 2009

I e-posten til Utdanningsdirektoratet presiserer Språkrådet at nettstaden www.skolenettet.no er ein offentleg nettstad, og stoffet som er produsert der av redaksjonen i Utdanningsdirektoratet, kjem inn under mållova. Lærestoffet bør koma i parallellutgåver, og nyhendestoffet må veksla mellom målformene.

Styret tok sakene til orientering.

S 7.10/09 Annan informasjon

1 LNUs sakprosjekt for skulen

Sakspapir: Frå konferansen i Landslaget for norskundervisning 20.–21. mars 2009:
Rapportering frå Berit Oksfjellelv 15. mai 2009 etter kåring av
sakprosjekt for skulen

Styret tok saka til orientering.

2 Plakat for næringslivet

Sakspapir: Plakat for næringslivet

Språkvett for næringslivet skal koma i begge målformer. Styret hadde nokre
endringsframlegg og tok elles saka til orientering.

3 Samarbeid GramArt og Språkrådet

Sakspapir: Oppslag i Dagsavisen 8.6.09
Oppslag i Dagbladet 8.6.09
Oppslag i VG 9.6.09
Enkét i Dagsavisen 8.6.09

GramArt og Språkrådet har gjort ei spørjeundersøking om haldningane til det norske språket i Musikk-Noreg. Undersøkinga viser at tre av fire nordmenn vil høyra norsk populærmusikk på norsk, men at norsk språk blir sett på som ei hindring om ein vil gjera karriere i utlandet. – Språkvalet til norske artistar var tema for ein debatt 8. juni i Oslo: Kan ein ha ambisjonar for musikken sin og likevel syngja på norsk?

Styret tok saka til orientering.

4 Arbeidet med språklov

Sakspapir: Lov om Dansk Sprognævn
Sproglove, sprogpolitikker og sprogdeklarasjoner
Språkrådet vëlkomnar den nya språklagen
Sammanfattning av regeringens proposition 2008/09:153

Departementet førebur ei allmenn lov om språk og ei lov om Språkrådet. I sakspapira låg informasjon om korleis arbeidet med språklov går fram i Danmark og Sverige. Styret tok saka til orientering.

5 Prosjekt om haldningar til talespråket i NRK

Dette prosjektet, som er eit samarbeid mellom NRK og Språkrådet, går inn på kor godt publikum forstår talespråket i NRK; standardmål, dialektar, aksentar osv. Prosjektet er ikkje ferdig enno.

Styret tok saka til orientering.

Eventueltsaker

S 8.1/09 Vegskilting på fleire språk

På rundebordskonferansen i Alta 10. juni med innbedne deltakarar frå Finnmark kom det fram kritikk mot Statens vegvesen for mangelfull fleir-språkleg skilting i Alta-området. Denne saka vart drøfta på styremøtet 11. juni.

Vedtak: *Språkrådet vil i brev til Samferdselsdepartementet be Statens vegvesen om ei utgreiing om den praksisen Vegvesenet har for skilting i fleirspråklege område, og korleis det gjeldande lovverket blir følgt.*

S 8.2/09 Utsending av sakspapir til styremøta

Styret får tilsendt sakspapira til møta i elektronisk form og som vanleg post. Tor Fuglevik oppmoda styremedlemmene om sjølve å skriva ut dei sakspapira dei trong, og heretter sløyfa bunkane med papirutsending frå sekretariatet.

Vedtak: *Dei styremedlemmene som ikkje ynskjer papirutsending av sakspapir, varslar sekretariatet om det. Alle får sakspapira elektronisk som før, men som pdf-fil.*

Oslo, 17. september 2009

Ida Berntsen
leiar

Sylfest Lomheim
direktør